




Næringsutviklingsprosjektet Lysefjorden Rundt Forprosjektrapport



Åshild Hus

Lysefjorden Utvikling AS

19.05.2015

Forprosjekt - Lysefjorden Rundt

Innhald

Bakgrunn	2
Prosjektplan	3
1. Marknad. Målgruppe for Lysefjorden Rundt	3
2. Forankring av prosjekt. Partnerar	7
3. Produkt. Adventure Tourism	8
3.1 Natur og kultur	10
3.2 Vandring (Tekst v. Preben Falck/STF)	12
3.3 Aktivitetar. Oppleving	17
3.4 Overnatting og mat	18
3.5 Transport/Logistikk	20
4. Hovudprosjekt: Mål, organisering og finansiering	21

Bakgrunn

Lysefjorden, med Preikestolen og Kjerag, er eit attraktivt turistmål med 600 000 reisande kvar sesong.

Lysefjorden Utvikling AS arbeider for å styrke merkevara Lysefjorden, og legge til rette for at endå fleire gjestar, og blir lengre, i dette området.

Lysefjorden Utvikling har dei siste åra arbeida med eit LUK prosjekt kalla «Legg dei pengar att?» Som resultat av dette arbeidet såg ein at ei satsing på Lysefjorden Rundt ville vere gunstig for å få turistane til å bli lengre, ta større deler av fjorden i bruk samt å tiltrekkje seg ei viss målgruppe turistar som vil vere attraktive kundar.

Som eit ledd i dette arbeidet ønska LU i lag med blant anna Stavanger Turistforening å sjå nærare på om det var grunnlag for å vidareutvikle vandreopplevinga rundt heile Lysefjorden som utgangspunkt for ei næringsutvikling i området.

Partnarar: Stavanger Turistforening, Forsand kommune, Lysefjorden Utvikling AS, NCE Tourism, Setesdal Vesthei Ryfylkehei landskapsvernområde (SVR), Bygdeutvikling i Ytre Ryfylke.

Prosjektansvarleg: Lysefjorden Utvikling AS

Prosjektleder: Åshild Hus, Lysefjorden Utvikling AS

Tidsramme forprosjekt:

September 2014 – mai 2015

Hovudmål:

Utvikling av «Lysefjorden Rundt» til ei vandreoppleving i ypperste klasse, tilrettelagt/samansett med andre opplevingar/aktivitetar, og salgsklart for tung internasjonal marknadsføring.

Hovudmål for forprosjekt:

Kva har vi? Kartlegge/marknadsanalyse

Kva vil vi? Målgruppe, produkt

Kven vil vere med? Partnarar, finansiering

Aktivitetar i forprosjekt

- Mobilisering/idedugnad/forankring av prosjektet – næringsdrivande, det offentlige og andre relevante miljø.
- Markedsanalyse
- Finne partnarar
- Datainnsamling av eksisterende aktivitet i området.
- Testing av produkt
- Knytte seg opp mot andre aktuelle prosjekt.

Prosjektplan

1. Målgruppe
2. Forankring
3. Produkt
4. Finansiering

1. Marknad. Målgruppe for Lysefjorden Rundt

Målgruppe: Målgruppa for prosjektet er eksisterande reiselivsaktørar knytta til Lysefjorden, og potensielle nye aktørar.

I forprosjektet er det kartlagt bedrifter i området. Godt over 30 bedrifter har eit aktivt tilbod knytt til turisme i Lysefjorden. I tillegg har fleire transportselskap eitt viktig tilbod i området.



Foto: Kari Sand

Mobilisering

Mobilisering av eksisterande bedrifter har vore ein av dei viktigaste aktivitetane i forprosjektet. Dette har ein gjort gjennom å invitere til felles samlingar, og oppfølging av kvar enkelt bedrift.

Bygdeutviklar Kari Sand og prosjektleiar har besøkt alle bedriftene i lista nedanfor, og nokon har fått fleire besøk. Det er gjort eit kartleggingsarbeid av dagens situasjon i bedriftene, samt at man har fått eit innblikk i planane framover i dei enkelte bedriftene. Kari Sand har bidratt med starthjelp til nye bedrifter blant anna inn mot Innovasjon Norge, samt å få to av dei nye bedriftene inn i Inkubator ordninga.

Desse bedriftene har deltatt på samlingar, og har hatt besøk:

Bedrift	Stad	Bransje
Rødne Fjordcruise/Helleren	Lysefjorden	Cruise/Servering
Håheller	Lysefjorden	Gardsturisme
Lysefjorden Sjokolade	Eiane	Gardsturisme
OutdoorLife Norway	Lysefjorden	Guide
Fossanmoen Ridesenter	Forsand	Hest
Høiland Gard	Årdal	Hotell
Verkshotellet	Jørpeland	Hotell
Lilland Hotell	Jørpeland	Hotell
Lysefjorden Hyttegrend	Forsand	Hytteutleie
Lysefjorden Kajakk	Forsand	Kajakk
Preikestolen Basecamp	Jørpeland	Aktiviteter
Rite Kunst	Rettedal	Kunst og håndverk
Galleri Hagalid	Hjelmeland	Kunst og håndverk
Kreativt verksted Jørpeland	Jørpeland	Kunst og håndverk
Glasskjellaren	Bjørheimsbygd	Kunst og håndverk
Lysefjorden Running	Lysefjorden	Marathon
Rockman SwimRun	Lysefjorden	Marathon
Marihønehuset, Botne	Botne	Overnatting
Lysebotn Camping	Lysebotn	Overnatting, Camping
Preikestolen Camping	Jørpeland	Overnatting, Camping
Landa Park	Forsand	Overnatting, Camping, Museum
Lysebotn Hauane BB	Lysebotn	Overnatting, Gardsturisme

Preikestolen Fjellstue	Jørpeland	Overnatting, servering
Flørli 4444	Flørli	Overnatting, servering, aktiviteter
Lysefjorden Turisthytte, STF	Lysebotn	Overnatting, servering, aktiviteter
Joker/Lysefjorden Marina	Forsand	Overnatting, servering, dagligvarer
Lysefjorden Aktivitetssenter	Songesand	Overnatting, Teambuilding
Sailsafari	Lysefjorden	Segling
Lysefjordsenteret	Forsand	Servering
Øygardstøl	Lysebotn	Servering
Bakernes Paradis	Høle	Servering

Mobiliseringsmøte



Foto: Kari Sand

I forprosjektet har det vore tre mobiliseringsmøte. På desse har ein lagt vekt på at bedriftene skal bli kjent med kvarandre, få faglig påfyll, samt diskutere felles utfordringar.

- Første møte – 11. november 2014 – Presentasjon av Lysefjorden Rundt prosjekt – vil du bli med? Rundt 50 stk. deltok på møtet.
- Neste møte – 13. februar 2015 – Tema: Bærekraftig Reisemål og Incoming. På dette møtet var Bærekraftig Reisemål presentert og diskutert. To Incoming operatørar (selskap som tar imot og lagar opplegg for gjester frå andre land) var invitert til å

snakke om korleis dei arbeider, dette vart fylgt opp med speed date møter der bedriftene kunne presentere seg direkte for incoming operatørane. Rundt 60 stk. deltok. I etterkant arrangerte NCE Tourism eit temamøte for aktivitetsbedriftene i Fjord Norge og incoming operatørar der fleire av bedriftene «våre» var tilstades. Her vart det halde mange speed date møte og knytta mange gode kontaktar med incoming apparatet.

- Siste møtet – 6. mai 2015 - Tema: Opplev Lysefjorden. Tur på Lysefjorden der bedriftene får besøke, og bli kjent med kvarandre sine produkt. Godt 80 stk. deltok.

Mobiliseringsprosessen går i ein god retning. Det er stadig meir samarbeid mellom bedriftene, vekst og optimisme blant aktørane. Innan adventure turisme har ein fått tre nye etableringar det siste året, Sailsafari, OutdoorLife Norway og Flørli 4444. Det er også fleire potensielle aktørar som er i etableringsfasen, blant anna innan sykkel og gardsturisme. Fleire av bedriftene har også etablert samarbeid med salgsleddet, incoming operatørane, noko som kanskje vil gi resultater alt kommande sesong.

Marknadskunnskap

Det er i forprosjektperioden utført to lokale marknadsundersøkingar, ein på Kjerag og ein på Preikestolen.

Ein har i tillegg fått tilgang til fleire datarapportar frå Fjord Norge/NCE Tourism som gjeld blant anna trendar innan Adventure Tourism. Lysefjorden Utvikling AS er også medlem i ATTA (Adventure Travel Trade Assosiation) der ein har tilgang til ulik marknadskunnskap og nettverk. Det er i tillegg utført ein studietur i forprosjektet til Skottland i regi av NCE Tourism, med tema slow (soft) adventure.

Gjennom forprosjektet har ein opparbeidd mykje kunnskap, som er eit godt grunnlag for å gå inn i neste fase – hovudprosjekt.

Den kunnskap som nå er tilgjengeleg gjer grunnlag for stor optimisme. Både marknadsundersøkingane og internasjonale trendar tyder på fortsatt stor vekst i reiselivet rundt Lysefjorden. Meir om Adventure Tourism under punkt 3, Produkt.

2. Forankring av prosjekt. Partnerar.

I forprosjektet har ein arbeidd aktivt med mobilisering av reiselivsaktørane, men også inn mot andre miljø og instansar. Det er tett dialog med Forsand kommune, og prosjektet i sin heilhet er ein del av fokusområda Forsand kommune sin næringsplan.

Interessante samarbeidspartnarar og ressursmiljø på vegen vidare vil blant anna vere:

- Reiselivsbedrifter i Lysefjorden /Forsand
- Reiselivsbedrifter i Ryfylke
- Reiselivsbedrifter i Norge
- Øvrig lokalt næringsliv, kulturnæringsaktørar
- Grunneigarar, landbruk
- Transportoperatører
- Ryfylkemuséet, Forsand Sogelag
- Lokalmiljø/Eldsjuer
- Entusiast miljø: Basehopp, Rockman SwimRun, Lysefjorden Running
- Destinasjonsselskap; Reisemål Ryfylke, Region Stavanger, Fjord Norge, NCE
Tourism
- Utstysrleverandører/co- branding.
- Kommunar; Forsand kommune, Strand kommune, Sirdal kommune
- Stavanger Turistforening
Stiftelsen Preikestolen
- Ryfylke IKS
- SVR
- Rogaland fylkeskommune
- Innovasjon Norge
- Lyse AS
- Næringsforeningar i Forsand og Strand

3. Produkt. Adventure Tourism

I løpet av forprosjektet har ein funne at ei satsing på Lysefjorden Rundt er å etablere Lysefjorden som eit attraktivt reisemål innan adventure tourism.

Adventure er eit internasjonalt begrep, i Norge vil ein kanskje heller bruke begrepa aktivitet eller oppleving. Ein vil i denne samanhengen nytta adventure begrepet då dette er eit godt etablert omgrep i reiselivssamheng.

ATTA (Adventure Travel Trade Association) definerer adventure tourism som ein tur som innehar to av desse tre elementa i seg; fysisk aktivitet, i naturen, ei involvering i lokal kultur. Dersom alle tre er tilstades er dette den ultimate opplevinga innan adventure turisme.

Adventure turisme har ulike kvalitetar i seg som er positive for vårt område:

Adventure turisten er sporty – Desse turistane er lidenskapelige og villig til å ta risiko. Dei reiser helst til stader som ikkje er kommersielle turiststader. Adventure tourism kan derfor gi vekst i område som slit med nedgang.

Tiltrekker seg high value kunder - I ei undersøking blant adventure operatører kan dei rapportere om eit forbruk på 3000 USD pr pers på ein tur. Og ei reiselengde på gjennomsnittleg 8 dagar.

Ei annan undersøking gjort av UNEP (The United Nations Environment Programme) viser at i all-inclusive masse-turist pakker går 80 % av dei reisandes utgifter til flyselskap, hotell og andre internasjonale selskap, og ikkje til lokale leverandører.

Av kvar 100 USD brukt på ein ferie av ein turist fra eit I-land blir bare 5 USD gitt tilbake til den lokale destinasjonen sin økonomi.

I motsetnad til dette vart det i ATTA Industry Snapshots 2014, ei undersøking blant adventure tour operatører, funne at 65,6 % av den totale turkostnaden blir lagt igjen til den lokale destinasjonen.



Bærekraft - Heile adventure tourism konseptet bygger opp om bærekraftig utvikling av ein destinasjon, då produktet spelar på dei naturlege ressursane på staden. Derfor vil alle involverte parter ha interesse av å tenke langsiktig bærekraft i alle aspekt av utviklinga av destinasjonen. Dette gjelder både for miljø, økonomi og lokale natur og kultur ressursar.

Soft og hard adventure:

Det er vanlig å dele adventure inn i to kategoriar - soft og hard adventure.

Hard adventure er dei meir krevande aktivitetane som ikkje er tilrettelagt for alle, dette er for «ekspertane». Ein ser at i områder der ein har eit godt tilbod for hard adventure er det eit godt marknadsgrunnlag for å tilby opplevingar tilrettelagt for alle, soft adventure. Lysefjordområdet er allereie leikeplassen for fleire aktørar innan hard adventure, blant anna med eit stort basehopp miljø.

Det er interessant å merke seg tala som viser at heile 95 % av adventure tourism knyttar seg til det me kallar soft adventure.

Lysefjordområdet er veileigna til å tiltrekke seg turistar som søker soft adventure. Området er allereie etablert som ein kjend destinasjon for vandring, og ein ser også at kajakk er i sterk vekst i området, og at det pr. i dag meir etterspurnad enn tilbod etter kajakk i området.

Det er fleire nye aktørar som har etablert seg dei siste åra. Innan soft adventure vil det sommaren 2015 vere to nye tilbod: segling og guida fjellturar til Preikestolen og rundt Lysefjorden. I tillegg er det komme til fleire aktørar innan

hard adventure i form av ulike maratonløp og Rockman SwimRun. Med enkle grep kan ein tilby mykje meir innan soft adventure, t.d. guida fotturar, gardsturisme, golf, kulturløypa SPOR i Forsand.

Ein ser tydelig at Lysefjorden Rundt innbyr til meir enn ei «vanleg» vandrerute. «Lysefjorden Rundt»-begrepet kan vere paraplyen som bind aktørane, aktivitetane og naturopplevingane saman. Det er naturleg at Lysefjorden Rundt er tufta på ei vandreoppleving, men at det er uante grenser for kva adventure tilbod ein kan tilby i tillegg.

3.1 Natur og kultur

Kva naturressursar har ein i området? Toppturar, fjord, fjell, skog, juv, fiskevatn.

Ikona: Preikestolen, Kjerag og Flørlitrappane.



Lysefjorden skjer seg inn mellom høge fjell ca. 42 km inn til bygda Lysebotn.

I dag er det ca. 20 fastbuande innover i Lysefjorden, fordelt i bygdene Lysebotn, Songesand, Kalleli og Flørli.

Lysefjorden er ein attraktivt stad for friluftsfolk og det er fleire hytteområder i fjorden.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde dekkjer deler av Lysefjordområdet.

Langs fjorden kan ein vandre gjennom frodig kulturlandskap og gamle tufter som minner om busetting frå gammal tid. Det er eit stort potensiale og verdi i fjord og fjellgardane som ligg rundt fjorden. Ein bør i hovudprosjektet utgreie om ein kan vekke liv i enkelte av stadene.

Lysefjorden innbyr ikkje berre til urørt natur. På fleire stader er industrihistoria synlig. Lysefjorden Utvikling AS har allereie gjennomført eit forprosjekt knytta til krafthistoria i Lysefjorden. Ryfylkemuséet vil vidareføre dette arbeidet og det er naturleg å sjå desse prosjekta i samanheng i det vidare arbeidet.

Berekraftig Reisemål


Fleire og fleire turistar vel reisemål som viser ansvar og tar utfordringane knytt til berekraft på alvor. Dei første reisemåla som kan dokumentere og levere berekraftige tiltak og opplevingar vil ha eit konkurransefortrinn i kampen om å vinne bevisste turistar.

Lysefjorden er plukka ut, saman med 12 andre reisemål, til eit forprosjekt knytt til Berekraftig Reismål.

Merket for Berekraftig Reisemål er eit kvalitetsmerke for reisemål i Norge. Merket bygger på ein standard som setter tydelige krav til reisemålets evne til berekraftig verksemd og utvikling.

Merkeordninga som Innovasjon Norge har innført er eit tilbod til norske reisemål som ynskjer å ta eit ansvar for reiselivets negative påverknad. Arbeidet for å oppnå merket blir samtidig ein plattform for samarbeid og utvikling på reisemålet og en viktig del av marknadsstrategien. Dette arbeidet er ein naturleg del av Lysefjorden Rundt prosjektet, og vil vidare inngå i hovudprosjektfasen dersom søknad til Innovasjon for neste fase blir innvilga.

3.2 Vandring (Tekst v. Preben Falck/STF)



Rutebeskrivelsen har frem til 2015 vært basert på 10 etapper, fra Botneveien til Landa. Slik forholdene har utviklet seg, og basert på erfaringene så langt, vil denne turbeskrivelsen bli tatt bort fra alle relevante nettsider og brosjyrer osv., og erstattet av en enklere beskrivelse av en kortere rute. Formålet med dette er å få tydeligere frem realistiske dagsetapper, tilpasset overnattingstilbud og (et mangelfullt) offentlig kommunikasjonsstilbud så langt det lar seg gjøre. Ny informasjon og beskrivelser av etappene vil bli lagt ut på nett klart til sommersesongen 2015.

Den nye turbeskrivelsen vil ta utgangspunkt i en tur med start i Vinddalen og slutt på Preikestolen fjellstue. Avstikkere og forlengelse av turen vil bli beskrevet som opsjoner, under en foreløpig arbeidstittel «Lysefjorden+». Etter hvert som kommunikasjon, løyper og andre tilbud forbedres må løypa tilpasses og evt. forlenges.

Den kommende løypebeskrivelsen vil da fra 2015 bestå av følgende:

Etappe nr	Fra	Til	Kommentar	Lysefjorden+ opsjoner
1.	Vinddalen	Skåpet	Mangler off. kommunikasjon Liten kapasitet (6 senger) Ny hytte 2016	Start i Forsand, evt. Skrøylå Fossjuvet, Røssdalen
2.	Skåpet	Flørli	Båtforbindelse Flørli	
3.	Flørli	Langavatn via Flørlitrappene	Lang tur, på sikt mulig ny hytte v/Kjerag	Direkte (umerket) rute fra Låterviksvatnet over Kjerag til Øygardsstøl
4.	Langavatn	Øygardsstøl via Kjerag	Taxi Øygardsstøl - Lysebotn	Videre til Børsteinen og Lysebrekka til Lysebotn
5.	Lysebotn	Songedalen fjellgård	Taxi Lysebotn- Fyljesdalen.	Båt til Håheller, stien opp til Håhellervatnet (vil bli merket 2015?) Håhellervatnet-Søra Dalafjell
6.	Songedalen fjellgård	Bakken Gård	Liten kapasitet, lav standard. Hus kan leies fra Forsand kommune	Båt til Songesand/Bakken kai
7.	Bakken Gård	Preikestolen fjellstue via Preikestolen	Lang tur. Buss til Tau. «Wall of death» sikres bedre i 2015.	Hengjanenibbå Bratteli kai Botsheia Refså kai

Lysefjorden Express (arbeidstittel): Preikestolen fjellstue – Bratteli kai evt. Bakken kai, båt til Flørli – Langavatn – Øygardsstøl.

Både av hensyn til trappene i Flørli (anbefales bare å gå oppover), og transportutfordringer i Lysebotn, anbefales det på det sterkeste å gå turen i nevnte rekkefølge. Går man motsatt vei vil rutebeskrivelsen anbefale å gå ned til Flørli via Flørlistølen, og starte neste dag opp trappen og ta «Rallarstien» over fjellet og videre derfra mot Skåpet og Vinddalen.

Nye traséer – Muligheter

Følgende alternative traséer og muligheter arbeides det med per april 2015.

Nye idéer vil sikkert dukke opp.

Sted	Beskrivelse	Ansvar	Status
Forsand-Skrøylå-Skåpet	Merke og skilte turløype fra Forsand via Eiane og Skrøylå. Vurdere alternative traséer	STF	Mangler avklaring grunneiere, kan bli for lange strekk på vei. Mangler off. kommunikasjon til Skrøylå
Skåpet	Ny hytte under planlegging.	STF	Bygging planlegges påbegynt i 2015, for ferdigstillelse 2016
Flørli – Øygardsstøl over Kjerag	Direkte rute fra Låtervikvannet til Kjeragbolten og Øygardsstøl. Delvis umerket, kan merkes hvis hytte på Kjerag. Lang tur: 9 timer.	STF	Foreløpig umerket, vil bli beskrevet.
Kjerag turisthytte	Mulig ny hytte på Kjeragplataet eller langs rute mot Flørli	STF	Sonderinger med SVR, Forsand kommune og sponsorer.
Via Ferrara	Klatrerute i fjellsiden fra	?	Mulighetsstudie utført,

Sted	Beskrivelse	Ansvar	Status
Lysebotn- Sagbakken	kraftverket til Sagbakken.		krevende men antakeligvis gjennomførbart med større investeringer og god drifts-organisasjon.
Sykkelrute Lysebotn- Songesand	Planlagt anleggsvei fra Fylkesdelen til Helmikstøl, sammenhengende anleggsvei til Lysebotn, mulig som sykkelrute i 2016-17?	?	Lyse sendt revidert konsesjonssøknad høsten 2014, til behandling i NVE.
Fyljesdalen – Håheller via Sagbakken	Fotturløype ned bratt juv og langs fjorden. Delvis på gammel lødd driftevei. Spektakulær, men krevende tur. Aktuell som Lysefjorden+ opsjon, knytter Håheller tettere inn på løypa.	STF	ikkje satt i gang eller planlagt, krever omfattende jobb med rydding, vurdering av skredfare og trasévalg.
Fyljesdalen	Mulig nytt overnattingstilbud	?	STF har hatt kontakt med grunneier. Ikke satt i gang eller planlagt tiltak.
Håhellerstølen	Mulig nytt overnattingstilbud	?	STF har hatt kontakt med grunneier, ikke satt i gang eller planlagt tiltak.
Håheller	Mulig nytt overnattingstilbud	Grunneier	Sendt søknad om riving av dagens bygg. Grunneier og Lysefjorden utvikling arbeider med planer for gjenoppbygging.

Sted	Beskrivelse	Ansvar	Status
Håhellervatnet- Budalen-Søra Dalafjell-Kåsen	Alternativ trasé, spektakulær utsikt, flott tur. Tungt terreng, lang etappe hvis man går helt fra Bakken Gård. Mulig tverrforbindelse ned fra Stakkadalen til Songedalen Fjellgård.	STF	Rute befart, vil bli beskrevet som Lysefjorden+. Mangler grunneiersamtykker til å merke og skilte turen.
Kåsen-Songesand	Alternativ trasse på ryggen langs fjorden. Deler vanskelig tilgjengelig i krevende terreng. Mindre attraktiv enn Søre Dalafjell, men likevel et godt alternativ til å gå veien fra Songesand til Kåsen. Mulig å gå opp/ned ved Sørpol.	STF	Rute befart, men ikke satt i gang eller planlagt tiltak. Krever en del rydding av skog, og nærmere oppgang av trasé.

3.3 Aktivitetar. Oppleving.



Foto: Erling Svendsen

Kva kan utviklast?

I forprosjektet er det gjort nokre sonderingar i lag med bedriftene rundt kva nye aktivitetar/opplevingar ein kan tilby i området.

Stisykling - Det vil bli gjort ein mulighetsstudie for stisykling i området Lysebotn – Kjerag – Forsand juni.

Offroad/Landevogssykkel – Det er fleire etappar i Forsand som med fordel kunne vore tilrettelagt for sykkel. Det vil også på sikt opne seg en mulighet for sykling mellom Songesand – Lysebotn når/hvis det vert bygd ny anleggsveg der. Lysebotn-Sirdal etablert som populær rute, bl.a. med flere konkurranseløp.

Sykkelutleige – Ein aktør ser på muligheten for å starte med dette i Lysefjordområdet.

Hest – det er eit stort hestemiljø på Forsand og det er aktører som tidligere har tilbydd riding til Preikestolen og som nå har rideturer til bla Uburen. (Fjell ved munningen av Lysefjorden).

Kajakk – Pr. i dag er det ei bedrift, Lysefjorden Kajakk, som tilbyr guida turer med kajakk i område. Det er meir etterspørsel enn dei kan imøtekomme. Det er behov for havkajakk i Lysebotn. Både Flørli 4444 og Landa Park signaliserer at det kan bi aktuelt med kajakk i framtida.

Infrastruktur for Kajakk – I Lysebotn er det i gang arbeid med ny båthavn, her bør det også tilretteleggast for kajakk med flytebrygge og naust. I Flørli er det også behov for å tilrettelegge meir med enklare adkomst og oppbevaring.

Maraton – Det er allerede to løp i regi av Lysefjorden Running frå denne sesongen. I tillegg Rockman SwimRun.

Via Ferrata – STF har utarbeidd ein mulighetsstudie på ei Via Ferrata rute – Lysebotn Kraftstasjon – Sagbakken. En rekke andre muligheter også ellers langs fjorden.

Klatring – Det er fleire område som er godt eigna for å legge til rette for klatring.

Klatrepark STF har også utreda ein eigen klatrepark for barn på deira område ved Preikestolen Fjellstue, i samarbeid med selskapet Høyt & Lavt AS. Ein slik park kan etablerast i samarbeid med ein lokal privat drivar.

Dykking/snorkling – Lysebotn har eit fantastisk spennande liv under vatn som allereie vert nytta av sportsdykkarar.

Volunteering – Sommaren 2014 var det tilbudd om «arbeidsferie» i Flørli. Dette var såpass vellykka at ein satsar vidare på dette framover. Dette er noko som kan videreutviklast til fleire stader i fjorden.

Juvvandring – STF ser på muligheter-

Golf – Norges største golfklubb, Preikestolen Golfklubb, ligg i Preikestolområdet. Her det eit stort potensiale i å vende seg også til turistar.

3.4 Overnatting og mat



Foto: Kari Sand

Eksisterande overnatting - og serveringsstader direkte tilknytta *Lysefjorden Rundt*:

Lysebotn Camping	Lysebotn, Forsand	Overnatting, Camping
Preikestolen Camping	Preikestolområdet, Strand	Overnatting, Camping
Landa Park	Forsand	Overnatting, Camping, Museum
Lysebotn Hauane BB	Lysebotn, Forsand	Overnatting, Gardsturisme
Preikestolen Fjellstue	Preikestolområdet, Strand	Overnatting, servering
Flørli 4444	Flørli, Forsand	Overnatting, servering, aktivitetar
Lysefjorden Turisthytte, STF	Lysebotn, Forsand	Overnatting, servering, aktivitetar
Joker/Lysefjorden Marina	Forsand	Overnatting, servering, daglegvarer
Lysefjorden Aktivitetssenter	Songesand, Forsand	Overnatting, Teambuilding

Der er eit tydeleg behov for fleire servering og overnattingstader rundt heile Lysefjorden.

Slik avstanden er mellom dei i dag kan ein ikkje selje området til ei brei målgruppe.

STF har fleire ubetente hytter i området, og fleire under planlegging. Dette er det svært viktig å få på plass for at Lysefjorden Rundt skal bli vellykka. I tillegg bør ein arbeide vidare med å få inn fleire kommersielle aktørar innan overnatting og mat. Eit viktig arbeid blir å få etablert eit tilbod i Songesand, som er eit strategisk viktig punkt med vegforbindelse og nærleik til Hjelmeland og resten av Ryfylke nordover.

Ein ynskjer spesielt å sjå på fjord og fjellgardane rundt fjorden og arbeide for at fleire av desse kan få nytt liv. Blant anna deltar Lysefjorden Utvikling i eit arbeid med grunneigar på Håheller for om mogleg å få realisert eit overnattingstilbod der.

Det er også planar om gardsturisme med overnatting på Haukali.

STF sine hytter som er under planlegging:

Skåpet – skal byggast til 2016

Kjerag – sonderer muligheter

Bakken – under planlegging

3.5 Transport/Logistikk

Turistferje/hurtigbåt:

The Fjords har i perioden 1. juni og ut august ei turistferje som har faste ruter kvar dag frå Forsand til Lysebotn. I tillegg har Kolumbus hurtigbåt som går dagleg (ex. laurdag) heile året.

Buss:

Det er to busselskap som opererer i området, Boreal og Tide.

Fjordcruise:

Rødne, Helgøy Båtskyss og Norled.

Det er viktig at ein i hovudprosjektet har ein nær dialog med dei ulike aktørane slik at ein kan finne løysingar på logistikk utfordringar i lag. Ein ser spesielt to utfordringar ein må ta med inn i hovudprosjektet:

- Intern transport - båtanløp på små kaiar i fjorden, nye tilkomst
- Betre kollektivsamband med Stavanger og Sandnes

4. Hovudprosjekt: Mål, organisering og finansiering

Styringsgruppa i forprosjektet har foreslått følgande organisering av eit hovudprosjekt:

Partnarar:

Lysefjorden Utvikling AS (prosjektansvarleg), Stavanger Turistforening, Forsand kommune og Lyse AS.

Styringsgruppe: I tillegg til partnarane ser ein for seg å invitere inn i styringsgruppa:

NCE Tourism, Reisemål Ryfylke/Region Stavanger, Ryfylke IKS, Bygdeutvikling i Ytre Ryfylke, Strand kommune og ein representant frå reiselivet.

Hovudprosjekt vil ha same mål som forprosjekt:

Hovudmål:

Utvikling av «Lysefjorden Rundt» til ei vandreoppleving i ypperste klasse, tilrettelagt/samansett med andre opplevingar/aktivitetar, og salgsklart for tung internasjonal marknadsføring.

Aktivitetar i hovudprosjektfase:

- Næringsutvikling. Arbeide med eksisterande og nye bedrifter: Mobilisering, Kompetanseheving, nettverksbygging, studieturar og samlingar.
- Infrastruktur; Stiar, hytter, skilting, servicepunkt og liknande
- Markedsføring, salg: Teste produkt, salgskanaler, felles webløysingar, ny teknologi.

Arbeidet i hovudprosjektet vil ha ei klassisk prosess-preg. Aktivitet og tiltak skal setjast inn for å stimulere målgruppa, bedriftene, til kvar for seg og i ulike former for samarbeid til auka aktivitet og meir lokal verdiskaping.

Prosjektet har ei brei tilnærming. Dette likevel slik at alle tiltak skal gi lokale effektar.

Med lokalt er då meint sjølv Lysefjordområdet, gjerne definert som det området Forsand kommune dekkjer. Sekundær målgruppe er resten av Ryfylke og nærområda elles i kommunane Gjesdal, Sandnes og Sirdal.

Effektmåling:

Kvart år skal det leggest fram rapport for kvart av dei tre områda nemnde ovafor.

Årleg rapport skal også ha med:

- Omtale av nyetableringar
- Nye infrastrukturtilbod
- Nye kommersielle samarbeid (mellom to eller fleire)
- Nye marknadspakkar: Testing/etablering
- Aktivitet frå nye eksterne aktørar

Næringsutviklingsprosjektet «Lysefjorden Rundt» - Hovudprosjekt

Økonomi

Kostnadsbudsjett:

	2015
Personal/prosjektleiing	1 000 000
Konsulent	100 000
Møter/seminar/workshop	200 000
Reise/transport	100 000
Anna	100 000
Sum	1 500 000

Kostnad pr. år: 1.500.000 kr

Finansiering for ein årsperiode. Økonomi bør sikrast i minst tre år:

Rogaland Fylkeskommune, HP Næring:	300 000 kr	ok
Innovasjon Norge, Berekraftig Reisemål:	300 000 kr	omsøkt
Ryfylkefondet:	300 000 kr	omsøkt
Lysefjorden Utvikling AS, eigenandel:	300 000 kr	ok
Andre:	<u>300 000 kr</u>	fleire er aktuelle
<u>Sum:</u>	<u>1.500.000 kr</u>	